



Til Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:
Vår ref: 2017/38
Vår dato: 14.03.2018

Partsbrev med Rapport etter forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø i grunnskulane Kvinnherad kommune

Sak vedr. Rapport etter forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø i grunnskulane i Kvinnherad kommune verty med dette sendt til kommunestyret for handsaming.

Ber om at saka vert teke opp på førstkomande møte 22.03.18.

Viser og til handsaminga i kontrollutvalet 13.03.18, der kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer rapporten for kommunestyret når saka kjem opp.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalsleiar
Deloitte

Arkivsak: 217
 Arkivnr: 2017/38-21
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvinnherad kommune	18/18	13.03.2018

Rapport etter forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø i grunnskulane Kvinnherad kommune

Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 27.03.17.:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «Psykososialt miljø i grunnskulen» frå Deloitte, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Evt. ny / korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 24.04.17.*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.*
4. *Det vert og akseptert opsjon på evt. presentasjon av rapporten i Kvinnherad kommunestyre, faktuert etter timeforbruk inntil 6 timar.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 06.11.17, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.*

Arbeidet med forvaltningsrevisjonen starta opp etter godkjenning av prosjektplan 30.03.17. Deloitte sende oppstartsbrev til kommunen og bad mellom anna om tilbakemelding om opplysningar om kontaktadresser for vidare arbeid, og oversending av dokument. Det gjekk lang tid før Deloitte fekk inn dei opplysningane som var naudsynt, og framdriftsplanen måtte justerast etter dette.

I juni 2017 blei det vedteke eit nytt kapittel (9 A) i opplæringslova, med verknad frå 01.08.17. Endringa i lova medførte behov for enkelte justeringar i problemstillingar i forvaltningsrevisjonen, og kontrollutvalet tok dette opp til handsaming i møte 18.09.17 og revidert prosjektplan vart då vedteke. Kontrollutvalet gjorde då og vedtak om å justera tidsplan for ferdiggjering av prosjektet, og bad om at rapport etter arbeidet skulle leggest fram innan utgangen av desember 2017.

Av den godkjend prosjektpånen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit godt psykososialt miljø for elevane i grunnskulane i Kvinnherad kommune, samt å undersøke om skulane har system og rutinar for å sikre handtering og oppfølging av konkrete tilfelle av mobbing eller anna krenkjande åtfærd.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd tre problemstillingar med under-spørsmål:

1. **I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerlig for å sikre eit godt psykososialt miljø for elevane i grunnskulen?**
 - a) I kva grad har skulane formulert mål, laga planar og satt i verk tiltak for å bidra til å sikre eit godt psykososialt skulemiljø, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg

- evaluerte og oppdaterte?
- b) Er ansvar og oppgaver med omsyn til skulane sitt arbeid med det psykososiale skulemiljøet tydeleg fordelt?
 - c) I kva grad blir det arbeidd systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til psykososialt skulemiljø og/eller mobbing ved den enkelte skule, samt for å følgje opp eventuelle avdekka utfordringar og setje i verk førebyggjande tiltak?
 - i) I kva grad blir resultat frå elevundersøkinga analysert og samanlikna for å vurdere konkrete behov for oppfølging og tiltak på den enkelte skule?
 - ii) I kva grad blir det gjennomført andre undersøkingar eller kartleggingar for å få informasjon om førekomsten av mobbing ved den enkelte skule?
 - d) I kva grad blir bruken av ulike antimobbe-program vurdert å gi ønska resultat, og bidra til å styrke arbeidet med det psykososiale skulemiljøet og førebygging av mobbing?
 - e) I kva grad blir elevar og føresette involvert i arbeidet med å sikre eit godt psykososialt skulemiljø?

2. Har kommunen og dei enkelte skulane tilfredsstillande system og rutinar for handtering av situasjonar der elevar blir utsett for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering?

- a) Er det etablert tilfredsstillende rutinar for å sikre at alle tilsette er kjend med si aktivitetsplikt etter opplæringslova, og kva denne inneber (under dette også kjennskap til endringar i lova med verknad frå 1.8.2017)?
- b) Har kommunen og skulane system og rutinar for å sikre at alle tilsette er kjend med kva som er å sjå på som krenkjande ord eller handlingar?

3. I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, blir følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova §§ 9a-4 tredje og fjerde ledd?

- a) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at nye lovkrav om iverksetting av tiltak og utarbeiding av ein skriftleg plan for tiltaka blir følgt?
- b) I kva grad blir eventuelle saker som gjeld mobbing eller anna krenkjande åtferd følgt systematisk opp i samarbeid med dei det gjeld, og gjennom tydelege tiltak og evalueringar av tiltak?

Kontrollutvalet har fått meldingar undervegs i arbeidet med prosjektet, og har ut frå desse meldingane fått kjennskap til at det har gått mykje ressursar med til å få inn svar frå spørjeundersøkingane. Til slutt er likevel svarprosenten blitt god, og dette er verdifullt for å få eit godt resultat i arbeidet med rapporten etter forvaltningsrevisjonen om psykososialt miljø i grunnskulane.

Drøfting

Rapport etter arbeid med forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø i grunnskulen i Kvinnherad kommune er nå ferdig og følgjer saka her. Rådmann sin uttale til rapporten ligg som vedlegg 1 til rapporten.

Prosjektet er gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjon og Deloitte har nytta ulike metoder i sitt arbeid med informasjonsinnsamling og som grunnlag for å gje svar på dei spørsmålstillingar som er reist.

Etter sekretariatet si vurdering er det levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Sekretariatet har merka seg at det under konklusjonar og samandrag i rapporten mellom anna kjem fram følgjande:

- Revisjonen meiner skuleeigar har hatt ein viktig kvalitetssikringsfunksjon i arbeidet med å sikre elevane eit trygt skulemiljø, og at det er positivt at etterleving av nytt regelverk blir følgt tett opp.
- Det vert imidlertid peika på at det er ein del område som ikkje har tilstrekkeleg system og rutiner.
- Revisjonen registrerer også at det gjennomgåande er til dels store forskjellar mellom skulane i kommunen når det gjeld utforming av planar og rutinar for å sikre eit trygt skulemiljø.

I sin uttale skriv rådmann at rapporten er grundig, og at vurderingane som er gjort i stor grad er i tråd med rådmannen sine vurderingar. I uttalen står det vidare at kommunen ser positivt på å få eit svært grundig

dokument som vil verta lagt til grunn for vidare arbeid på det psykososiale området i skulesektoren. Det er og peika på at mange av tilrådingane som er gjort i rapporten alt er i ferd med å bli følgt opp.

Konklusjon

På bakgrunn av det som er kome fram i saka, vil sekretariatet rå til at kontrollutvalet innstiller til kommunestyret og bygger på dei tilrådingane som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø i grunnskulane i Kvinnherad kommune.

Kontrollutvalet har vidare ansvar for at tilrådingar som vert gjeve etter gjennomførte forvaltningsrevisjonar vert følgde opp. Kontrollutvalet bør såleis innstilla på at det vert laga ein handlingsplan for oppfølgingsarbeidet som viser kva tiltak som skal setjast i verk, når tiltaka skal setjast i verk, og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Forslag til innstilling

Med bakgrunn i rapport etter forvaltningsrevisjon av «Psykososialt miljø i grunnskulane i Kvinnherad kommune», ber kommunestyret rådmann syta for:

1. Å sikre at alle skular i kommunen har oppdaterte planar, mål og tiltak som ledd i det kontinuerlege og systematiske skulemiljøarbeidet og at det vert etablert rutinar for jamlege evalueringar av skulemiljøarbeidet ved skulane.
2. Å sikre at det ved alle skulane er ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver i samband med både det systematiske skulemiljøarbeidet og ivaretaking av aktivitetsplikta.
3. Å sikre at alle skulane har oppdaterte rutinar for involvering av elevar og brukarorgana ved skulen i det systematiske skulemiljøarbeidet, og at alle skular har skulemiljøutval i samsvar med krav i opplæringslova.
4. Å sørge for at rutinar og planar som vedkjem det psykososiale skulemiljøet blir oppdaterte i samsvar med endringane i opplæringslova kap. 9 A, og sikrar at planar og rutinar også omfattar problemstillingar knytt til digitale krenkingar.
5. Gjennomgang av rutinar for kartlegging av skulemiljøet ved alle skulane, og vurderer om det kan vera føremålstenleg å samordne system for kartleggingar og risikovurderingar som grunnlag for iverksetting av førebyggjande tiltak.
6. Gjennomgang av rutinar for oppfølging av Elevundersøkinga ved skulane, og sikrar at elevane sin anonymitet blir ivareteke i skulane sitt arbeid med å følgje opp Elevundersøkinga.
7. Å sikre at alle skular har tydelege rutinar for alle delpliktene som følgjer av handlingsplikta etter opplæringslova § 9 A -4, under dette plikta til å følgje med, plikta til å gripe inn, plikta til å varsle, plikta til å undersøke og plikta til å setje i verk tiltak.
8. Å sørge for at kommunen og den enkelte skule arbeider vidare med i størst mogleg grad å finne felles definisjonar og tersklar for kva som er å rekne som ei krenking, og kva som skal vera terskelen for å ha «mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø», og sørge for at dette er tema som jamleg blir drøfta med dei tilsette ved skulane.
9. Å vidareutvikla malar og rutinar knytt til iverksetting av tiltak og ivaretaking av dokumentasjonsplikta, for leggje så godt som mogleg til rette for at krav i regelverket blir følgt.

Kommunestyret ber rådmann lage ein handlingsplan som skal sendast til kontrollutvalet innan 01.09.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.03.2018

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisorane Line Margrete Johansen og Lina Hamre frå Deloitte var tilstades under handsaming av saka. Line Margrete Johansen presenterte rapporten og gjennomgjekk konklusjonar og tilrådingar som kjem fram.

Kontrollutvalet drøfta rapporten og kom med synspunkt på at dette har vore eit svært viktig tenesteområde å utføre forvaltningsrevisjon innan. Det vart uttalt at det kjem fram at det er utført mykje godt arbeid når det gjeld psykososialt miljø i skulane i Kvinnherad kommune, men at det og er mykje å ta fatt på og som kan gjerast betre. Kontrollutvalet meiner det vil vera viktig å ha fokus på oppfølgingsarbeid etter at rapporten vert vedteke i kommunestyret. Det er ønske om å få lagt fram ein handlingsplan til

hausten (01.09.18). Vidare vil kontrollutvalet ta opp og vurdere resultatet etter forvaltningsrevisjonen om ca. 1 år (våren 2019). Kontrollutvalet vil då vurdere ein ny gjennomgang av kva som har skjedd i etterkant av forvaltningsrevisjonen. Mellom anna bør ein då stilla spørsmål om det psykososiale miljøet i skulane i Kvinnherad er vorte betre, og kva som har betra seg.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer rapporten for kommunestyret når saka kjem opp. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Med bakgrunn i rapport etter forvaltningsrevisjon av «Psykososialt miljø i grunnskulane i Kvinnherad kommune», ber kommunestyret rådmann syta for:

1. Å sikre at alle skular i kommunen har oppdaterte planar, mål og tiltak som ledd i det kontinuerlege og systematiske skulemiljøarbeidet og at det vert etablert rutinar for jamlege evalueringar av skulemiljøarbeidet ved skulane.
2. Å sikre at det ved alle skulane er ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver i samband med både det systematiske skulemiljøarbeidet og ivaretaking av aktivitetsplikta.
3. Å sikre at alle skulane har oppdaterte rutinar for involvering av elevar og brukarorgana ved skulen i det systematiske skulemiljøarbeidet, og at alle skular har skulemiljøutval i samsvar med krav i opplæringslova.
4. Å sørge for at rutinar og planar som vedkjem det psykososiale skulemiljøet blir oppdaterte i samsvar med endringane i opplæringslova kap. 9 A, og sikrar at planar og rutinar også omfattar problemstillingar knytt til digitale krenkingar.
5. Gjennomgang av rutinar for kartlegging av skulemiljøet ved alle skulane, og vurderer om det kan vera føremålstenleg å samordne system for kartleggingar og risikovurderingar som grunnlag for iverksetting av førebyggjande tiltak.
6. Gjennomgang av rutinar for oppfølging av Elevundersøkinga ved skulane, og sikrar at elevane sin anonymitet blir ivareteke i skulane sitt arbeid med å følgje opp Elevundersøkinga.
7. Å sikre at alle skular har tydelege rutinar for alle delpliktene som følgjer av handlingsplikta etter opplæringslova § 9 A -4, under dette plikta til å følgje med, plikta til å gripe inn, plikta til å varsle, plikta til å undersøke og plikta til å setje i verk tiltak.
8. Å sørge for at kommunen og den enkelte skule arbeider vidare med i størst mogleg grad å finne felles definisjonar og tersklar for kva som er å rekne som ei krenking, og kva som skal vera terskelen for å ha «mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø», og sørge for at dette er tema som jamleg blir drøfta med dei tilsette ved skulane.
9. Å vidareutvikla malar og rutinar knytt til iverksetting av tiltak og ivaretaking av dokumentasjonsplikta, for å leggje så godt som mogleg til rette for at krav i regelverket blir følgt.

Kommunestyret ber rådmann lage ein handlingsplan som skal sendast til kontrollutvalet innan 01.09.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Rapport etter forvaltningsrevisjon av psykososialt miljø i grunnskulane i Kvinnherad kommune